

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-A19
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 10.05.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
029/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	08.06.2021
	Alver kommunestyre	
065/21	Alver formannskap	10.06.2021

Tal teljetidspunkt barnehagane i Alver

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Alver kommune innfører tre teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, gjeldande frå 1.1.22. Teljetidspunkta er 15.februar, 15.august og 15. desember.

Administrasjonen set i verk arbeidet med å lage retningsline for berekning av tilskot til dei private barnehagane samt justere retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage. Framlegg til retningsliner kjem opp som eiga sak i september.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 08.06.2021:

Handsaming:

Orientering til saka v/Kristin Moe-kommunalsjef

Merknad:

Saka skal til uttale i Utval for oppvekst kunnskap og kultur, Innstilling i Formannskapet og vedtak i Kommunestyret.

Rådmannen sitt framlegg fekk 4 røyster og fall (Anna Nordlund-SV, Laila Bjørge-Sp, Jostein Borlaug-Sp, May Britt Gjerde-Sp)

Framlegg frå Hege Dale-Uavh:

Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, då eit årleg teljetidspunkt gjev forutsigbarheit og eit betre barnehagetilbod i Alver Kommune. Teljetidspunktet vert 15/12.

Framlegg vart vedteke med 5 røyster, med leiar si dobbeltrøyst (Yngve Walaker-Uavh, Hege Dale-Uavh, Christel V. Haaland-H, Thea Risøy-Krf)

OKK- 029/21 Vedtak:

Uttale i OKK - 08.06.2021:

Alver Kommune vil halda på eitt teljetidspunkt i kommunale og private barnehagar, då eit årleg teljetidspunkt gjev forutsigbarheit og eit betre barnehagetilbod i Alver Kommune. Teljetidspunktet vert 15/12.

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur
Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Det har vore arbeidd både politisk og administrativt med verbalpunktet fatta av kommunestyret i desember 2020: «*Kommunestyret ønskjer ikkje å slå saman barnehagar. Kommunestyret merkar seg at talet på barn i aldersgruppa 1-5 år har ein fallande tendens i perioden 2020-2025, og ser at det er behov for tiltak i høve dette. Kommunestyret ber om ei sak som utgreier moglegheita for løpande barnehageopptak. Saka skal mellom anna greie ut dei økonomiske konsekvensane av dette.*»

Som eit resultat av dette arbeidet, kjem det no opp ei politisk sak i høve til tal teljetidspunkt for barnehage.

Alver kommune har i dag eitt teljetidspunkt i året, den 15.12. Tal barn i dei private barnehagane på teljetidspunktet dannar grunnlag for tilskot til den einskilde private barnehage.

I saksutgreiinga legg administrasjonen fram moglege konsekvensar ved innføring av tre teljetidspunkt i året, relatert til økonomisk kompensasjon private barnehagar (tilskot) og brukarperspektivet.

Saksopplysninger:

Fleire kommunar har innført fleire teljetidspunkt i året. Etter Forskrift om tildeling av tilskudd til private barnehager, § 12 Rapportering av barn i private barnehager kan kommunen «*i lokale retningslinjer bestemme at de private barnehagene skal rapportere om antall barn, barnas alder og oppholdstid ved flere tidspunkter i tilskuddsåret, og hva som skal til for at tilskuddet endres i løpet av året. De lokale retningslinjene skal fastsettes før tilskuddsåret begynner.*»

I det følgjande vil vi presentere moglege konsekvensar fleire teljetidspunkt vil få for dei private barnehagane, føresette og kommunen. Alternative teljetidspunkt administrasjonen har sett på er 15.2 og 15.8, i tillegg til 15.12. som er dato for teljing/rapportering etter gjeldande lovverk.

Konsekvens for dei private barnehagane

I dag er praksis slik at dei private barnehagane får tilskot berekna ut frå den årlege rapporten om status per 15.12. knytt til tal barn, alder på barna og tal opphaldstimar i barnehagen. Ved store aktivitetsendringar i barnehagen, skal kommunen berekne tilskotet til dei private barnehagane på nytt.

Dei fleste barnehagane har endringar i tal barn frå nytt barnehageår, og fordelinga mellom barn under 3 år og barn over 3 år kan endre seg frå eit barnehageår til neste. Alver kommune sin eksisterande praksis i høve til berekning av tilskot, er slik at desse endringane først vert tatt omsyn til etter rapporteringa i desember.

I periodar med aukande barnetal i barnehagane, kan dei private barnehagane ha fleire barn i barnehagen frå august til desember enn tilskotet vart berekna for per 15.12 året før.

I periodar med synkende barnetal, vil dei private barnehagane kunne erfare det motsette. Dei har færre barn enn tilskotet året før vart berekna for, og tilskotet vil då først verte redusert frå januar neste år.

Kort oppsummert får dei private barnehagane ikkje kompensert for å ta inn fleire barn i barnehagen dersom dei aukar opp tal barn i løpet av barnehageåret. Dei får heller ikkje krav om å betale tilbake tilskot dersom dei har færre barn enn tilskotet tilseier. Endringane blir gjort gjeldande frå 1.1. nytt år, og dei byggjer på rapportering frå 15.12 året før.

Dersom kommunen innfører fleire teljetidspunkt i året, vil dette føre til tettare samanheng mellom det reelle tal barn i barnehagen og tilskot. Det vil truleg også stimulere til å gjennomføre supplerande opptak i løpet av barnehageåret.

Konsekvens for føresette (brukarperspektivet)

Rett til barnehageplass er regulert i Lov om barnehager (barnehageloven). Etter §16 i barnehagelova, har barn som fyller 1 år innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august. Barn som fyller 1 år i september, oktober eller november, har etter søknad rett til å få barnehageplass innan utgangen av den månaden barnet fyller 1 år.

Nokre føresette kan oppleve at det er vanskeleg å få barnehageplass utanom hovudopptaket i mars/april. Foreldre som ønskjer å forlenge permisjonstida og slik har behov for barnehageplass til dømes frå 1.1., kan erfare at det er vanskeleg å få barnehageplass for våren.

Dersom kommunen innfører fleire teljetidspunkt i året, vil dette truleg føre til at det blir lettare å få barnehageplass i løpet av barnehageåret, ved at den einskilde barnehage gjennomfører supplerande opptak, som dei får kompensert for ved neste teljetidspunkt.

Konsekvens for kommunen

Dersom det er vesentlege endringar i aktivitetsnivået i ein privat barnehage, skal kommunen berekne tilskotet på nytt. I praksis har Alver kommune definert at vesentleg endring skal vere knytt til om det fører til endring i tal avdelingar i barnehagen.

Sats for tilskot til private barnehagar vert berekna ut frå rekneskapen til kommunale barnehagar 2 år før tilskotsåret, altså er 2020-rekneskapen for kommunale barnehagar grunnlag for berekning av tilskotsatsen til private barnehagar i 2022. Her vert tal barn rapportert i årsmelding per 15.12. året før rekneskapsåret lagt til grunn for 7/12 og årsmelding pr 15.12 for rekneskapsåret lagt til grunn for 5/12. Dette vil seie at berekninga har grunnlag i barnetalet i dei kommunale barnehagane før og etter hovudopptaket.

Fleire teljetidspunkt i året vil medføre at administrasjonen bereknar tilskotet til dei private barnehagane tilsvarande. Kommunen skriv nye vedtak for dei barnehagane som får endring i barnegruppa.

Dersom kommunen held fram med dagens praksis, og ikkje innfører fleire teljetidspunkt, vil Alver kommune dei komande åra truleg få høgare utgifter til tilskot private barnehagar enn om ein innfører fleire teljetidspunkt. Dette er knytt til at det er venta færre barn i barnehagane dei komande åra, og at fleire teljetidspunkt vil vere med på å regulere tilskotet i samsvar med det reelle barnetalet i private barnehagar.

I følgjande døme er det lagt til grunn tilskotsatsar for 2021, då det per dags dato ikkje er grunnlag å berekne satsane for dei neste åra.

Satsane for tilskot til private for 2021er som følgjer:

Barn under 3 år, kr. 226 764, Barn over 3 år, kr. 108 500

Døme: Dersom ein privat barnehage får redusert barnetal med 5 barn under 3 år og 3 barn over 3 år, og kommunen har fleire teljetidspunkt, vil dette få følgjande økonomiske konsekvens i høve til tilskot for hausten:

X BHG	15.12.2020	15.08.2021	Reduksjon barn	Reduksjon i tilskot haust 2021
småbarn	26	21	5	377 940
store barn	51	48	3	108 500
TOTALT reduksjon av tilskot haust 2021				486 440

Endringar i barnetal i kommunale barnehagar vil ha innveknad på tilskotssatsen til private 2 år etter budsjettåret. Dersom ein tek inn eit småbarn i kommunal barnehage i januar med kun eit teljetidspunkt 15.12. vil det føre med seg ein årleg auke i tilskotet 2 år etter rekneskapsåret.

Ein reduksjon av barn i kommunal barnehage, dersom kommunen har innført fleire teljetidspunkt, vil medføre ein auke i tilskotet til private barnehager dersom bemanninga ikkje blir redusert tilsvarende. Det er difor særst viktig å følgje opp at bemanning og tal barn samsvarar.

Vurdering:

Fleire årlege teljetidspunkt vil truleg føre til at barnehageplassane vi har i kommunen vert betre utnytta og at tilskotsberekningane vert meir tilpassa barnetalet gjennom året. Dette fordi dei private barnehagane i større grad får kompensert for å praktisere supplerande opptak og at konsekvensen av at kommunen tilbyr barnehageplass utanom hovudopptaket i mindre grad vil spele inn på tilskot til dei private barnehagane 2 år etter.

Ved fleire teljetidspunkt vil truleg fleire barn få tilbod om barnehageplass i samsvar med det reelle behovet for plass, noko som opnar for meir fleksibilitet for foreldre, og foreldra kan ta forlengda foreldrepermisjon utan å missa mogelegheita for barnehageplass. Til dømes er det fleire familiar som signaliserer behov for barnehageplass i byrjinga av året, heller enn i august. Dersom foreldre må betale for barnehageplass frå august, vil dei miste retten til kontantstøtte.

Teljetidspunkt i februar vil føre til at dei økonomiske konsekvensane i høve til framtidig tilskot til private barnehagar ikkje er av same storleik som ved berre eitt teljetidspunkt.

Som ein del av saka har det blitt innhenta innspel frå PBL-Alver. PBL-Alver er tydeleg på at dei meiner at eitt teljetidspunkt i året er det beste for å sikre føreseielege rammevilkår, og at dette er viktig for å kunne tilby eit barnehagestilbod med høgt fagleg innhald, god og kompetent bemanning og trygge arbeidsplassar.

PBL-Alver argumenterer for at det å innføre fleire teljetidspunkt gir vesentleg fleire negative konsekvensar enn positive, og argumenterer for at dette gir usikkerheit i høve til stabilitet og bemanning, endringsprosessar knytt til bemanning vil ta kapasitet samt gå på bekostning av kvalitet. Dette vil verke inn på motivasjon, trivsel og opplevd slitasje. Innspelet frå PBL-Alver følgjer som vedlegg til saka.

Dei største endringane i tal barn i barnehagane i Alver kommune er knytt til nytt barnehageår. Dei eldste barna i barnehagen startar på skulen og nye barn tar til i barnehagen. Med rett til barnehageplass frå fylte 1 år den 1. september, 1. oktober og 1. november, har kommunen krav på seg om å tilby barnehageplass i samsvar med denne retten. I praksis betyr det at barn etter søknad, har rett til barnehageplass frå fylte 1 år frå august av og ut over hausten, uavhengig av tal teljetidspunkt.

Ved å innføre teljetidspunkt også i august, får kommunen høve til å regulere tilskot til dei private barnehagane i samsvar med det reelle barnetalet i barnehagen i august, heller enn å vente til etter 15.12.

Dersom kommunen i større grad skal praktisere supplerande opptak, må dette bli vurdert i høve tildelt budsjettamme. Opptak av nye barn i barnehagen utløyser som regel eit krav om å justere bemanninga tilsvarende. Dette kan estimerast med grunnlag i søkjarmassen og fødselsstatistikk ved budsjetthandsaminga, slik at dei vedtekne budsjettammene tek omsyn til forventanda endring i barnetal og bemanning.

Administrasjonen ser behov for å arbeide ut/justere:

- Retningsline for tildeling av tilskot til dei private barnehagane
- Retningsline for gjennomføring av opptak til barnehage, inkludert korleis sikre rett til barnehageplass etter fylte 1 år i august, september, oktober og november

Retningslinene kan leggast fram for politisk handsaming i september 2021.

Oppsummering av hovudpunkta i saka:

- Innføring av fleire teljetidspunkt i året vil medføre meir tid til administrering både i kommundeadministrasjon og i barnehagane. Samstundes er det grunn til å tru at dette vil medføre at fleire får tilbod om barnehageplass utanom hovudopptaket.
- Dei økonomiske konsekvensane av å praktisere supplerande opptak i dei kommunale barnehagane er for kommunen betydeleg redusert ved å innføre fleire teljetidspunkt.
- Det å praktisere fleire teljetidspunkt vil føre til at tilskota til private barnehagar blir justert i samsvar med tal barn per teljetidspunkt. Dette vil vere til gunst for dei private barnehagane ved opptak av nye barn i løpet av barnehageåret og til ugunst dersom tal barn i barnehagen er redusert etter nytt hovudopptak.

Vedlegg:

- Innspel frå PBL-Alver kring spørsmålet om fleire teljetidspunkt.

Vedlegg i saken:

01.06.2021

Vedlegg strategidok 1 Svar på spørsmål om
telletidspunkt fra Alver_PBL lokallag_210307 (002)

1563827